

## FORSKRIFT OM INNKREVJING FARVASSAVGIFT FOR STRANDA KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret: 26.02 2020 – sak 017/20



**IKRAFTSETJINGSDATO:**

**GJELD FOR:** [Stranda Kommune sitt sjøområde](#)

**HEIMEL:** [LOV-2019-06-21-70, § 36, FOR 2010-12-11-1838](#)

---

Forskrifta er fasett 26.02 2020 av Stranda Kommune i sak 017/20 og har heimel i lov av LOV-2019-06-21-70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 36 og FOR 2010-12-11-1838.

### 1. FORMÅL

Farvassavgifta skal dekke kommunen sine kostnadar forbunde med utføring av oppgåvene nemnt i havne- og farvannsloven § 36 andre ledd.

### 2. VERKEOMRÅDE MM.

- 2.1 Forskrifta gjeld alle fartøy som gjer anløp til offentleg eller privat hamn eller til innretning for drift av aquakulturanlegg i sjøområdet til Stranda kommune, jf. havne- og farvannsloven §36 fyrste ledd. Fartøy og hamn er definert i havne- og farvannsloven § 3 bokstav b) og d).
- 2.2 Forskrifta tek til å gjelde frå dagen etter at ho er fastsett. Frå same tidspunkt vert forskrift 13. februar 2019 (sak 005/19) om anløpsavgift for Stranda kommune for 20 19 oppheva.
- 2.3 Stranda hamnevesen KF kan krevje inn farvassavgift og elles stå for handheving av forskrifta på vegne av Stranda kommune.
- 2.4 Unnateke frå plikt til å betale farvassavgift er:
  - a) Fartøy med største lengde under 15 meter (ikkje-målepliktige fartøy)
  - b) Isbrytarfartøy når desse utfører oppgåver i samband med kommunen sitt ansvar for framkoma etter havne- og farvannsloven § 6
  - c) Bergingsfartøy i samband med berging
  - d) Norske og utanlandske orlogsfartøy
  - e) Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet.
  - f) Fartøy som gjer anløp i hamn på grunn av skade eller naudstilstand, så lenge fartøyet ikkje lastar, lossar eller tek om bord passasjerar
  - g) Fartøy som tilhører politi, brannvesen og Redningssselskapet
  - h) Andre fartøy som har oppdrag for Stranda kommune knytt til utføring av kommunen sine oppgåver etter havne- og farvannsloven.

### 3. BEREKNINGSGRUNNLAG

- 3.1 Farvannssavgift vert rekna ut etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT), slik det vert rekna ut etter den internasjonale konvensjonen av 23. juni 1969 om måling av fartøy. På førespurnad pliktar fartøyet å legge fram gyldig målebrev som stettar krava etter sistnemnde konvensjon. Dersom slikt målebrev

## Vedlegg 1: Lokal forskrift

ikkje vert lagt fram innan ei veke, eller om det framleis er tvil om grunnlaget for berekning, så fastset kommunen ved einskildvedtak kva for storleik som skal leggast til grunn ved avgiftsberekinga.

- 3.2 Farvassavgift vert kun ilagt ein gong per døgn per skip, sjølv om eit skip gjer fleire anløp innan same døgn. Eit døgn vert rekna som tida frå midnatt til midnatt innan same dato.
- 3.3 Fartøy som har fast kai- eller liggeplass i kommunen sitt sjøområde vert ilagt ei fast farvassavgift per år på:

Under 100 BT: kr 750,-                                      Over 101 BT:      kr 1250,-

### 4. FARVASSAVGIFT

- 4.1 Med unntak av dei nemnt i punkt 2.4 skal alle fartøy betale farvassavgift etter følgjande sats per døgn:

Bruttotonn	Intervall	Sats pr. tonn.
For dei første 20 000	0 – 20 000	Nok 0,09
For dei neste 30 000	20 001 – 50 000	Nok 0,08
For dei neste 40 000	50 001 – 90 000	Nok 0,08
For dei neste	90 001	Nok 0,06

Minsteavgift er kr 100,- per dag.

Sjøfly som landar i kommunen sitt sjøområde betalar kr 500,- per anløp til hamn eller innretning for drift av aquakulturanlegg.

### 5. OPPLYSNINGSPLIKT

- 5.1 Fartøy som gjer anløp i hamn i sjøområdet pliktar å gje Stranda hamnevesen KF naudsynte opplysningar for berekning og innkrevjing av farvassavgift, inkludert målebrev og fakturaadresse til reiarlag og eventuell agent.

### 6. ANSVARFORHOLD

- 6.1 Eigar, reiar og agent svarar solidarisk for krav på farvassavgift, jf. havne- og farvannsloven § 40 fyrste ledd. Eigar og reiar er definert i havne- og farvannsloven § 3 bokstav a) og i). Skuldig farvassavgift er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. havne- og farvannsloven § 41 fyrste ledd. Ved forseinka betaling av farvassavgift svarar ein forseinkingsrente, jf. havne- og farvannsloven §41 tredje ledd.
- 6.2 Krav Stranda kommune har mot reiar er sikra med panterett i skipet etter reglar om sjøpanterett i lov 24. Juni 1994 nr. 39 om sjøfart (sjølova), jf. havne- og farvannsloven § 41.
- 6.3 Det er klagerett for einskildvedtak fatta av Stranda kommune, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd, bokstav b). Kystverkets hovudkontor er klageinstans, jf. farvannsavgiftsforskriften (FOR-2019-12-11-1838) § 7 og vidare delegasjon frå departementet.

---

Kontaktinformasjon:

**Stranda Hamnevesen KF**  
Øyna 13, 6201 Stranda  
Tel: + 47 46 41 11 13/ 31  
E-post: [rima@stranda.kommune.no](mailto:rima@stranda.kommune.no)  
[www.stranda-hamnevesen.no](http://www.stranda-hamnevesen.no)

Besøksadresse:  
Geirangervegen 2, 6216 Geiranger